



MØTEPROTOKOLL

Utval: Tenesteutval for helse og omsorg
Møtestad: Minnerommet 3 etg, Volda omsorgssenter
Dato: 12.10.2017
Tid: 12.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Leiar	AP
Benedikte Holmberg	Nestleiar	V
Dag Sveinung Aarflot	Medlem	SP
Arne Ullaland	Medlem	AP
Ivar Otto Kristiansen	Medlem	H
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Inger Tove B. Simonnes	Erlend Krumsvik	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Svein Berg-Rusten	konst. helse- og omsorgssjef

SAKLISTE

- | | |
|---------------------------|--|
| Saksnr.
PS 5/17 | Sak:
Godkjenning av innkalling og saksliste |
| PS 6/17 | Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte |
| PS 7/17 | Høyring om lokal forskrift om rett til sjukeheimplass eller tilsvarande bustad med heildøgnstenester |
| PS 8/17 | Næringsssituasjon for dei eldre i kommunale bufellesskap og driftsform for sentralkjøkkenet på omsorgssenteret |



VOLDA KOMMUNE

PS 9/17 **Orienteringssaker**

OS 6/17 **Utfordringsnotat knytt til strategiske val i helse og omsorgssektoren**

PS 5/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming:

Ved møtestart var der seks røysteføre.

Roald Espset vil ta opp ei sak seinare i møtet, med muligheit for at det kan bli ei sak for utvalet neste møte.

Espset får ta opp dette før orienteringssaka.

Elles ingen merknad til innkalling og sakliste.

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for helse og omsorg - 12.10.2017

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjend.

PS 6/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Der var seks røysteføre under handsaming av saka.

Røysting:

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for helse og omsorg - 12.10.2017

Møteprotokoll frå førre møte 20.09.2017 vart godkjend

PS 7/17 Høyring om lokal forskrift om rett til sjukeheimplass eller tilsvarande bustad med heildøgnstenester

Handsaming:

Der var seks røysteføre under handsaming av saka.

Saka skal vidare til formannskapet og kommunestyret før endeleg avgjerd

Røysting:

Samrøystes tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 12.10.2017

Tenesteutvalet for helse- og omsorg viser til plikt for kommunen til å utarbeide forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgnstenester, inkludert kriterier for tildeling og retningslinjer om venteliste.



VOLDA KOMMUNE

Tenesteutval for helse- og omsorg går inn for forskrifta slik ho er lagt fram frå administrasjonen.

Administrasjonen si tilråding:

Tenesteutvalet for helse- og omsorg viser til plikt for kommunen til å utarbeide forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt lagt til rette for heildøgntjenester, inkludert kriterier for tildeling og retningslinjer om venteliste.

Tenesteutvalet for helse- og omsorg går inn for forskrifta slik ho er lagt fram frå administrasjonen.

PS 8/17 Nærings situasjon for dei eldre i kommunale bufellesskap og driftsform for sentralkjøkkenet på omsorgssenteret

Handsaming:

Arne Ullaland møtte under handsaming av denne saka. Sak 8/17.

Røysting:

Sju røysteføre.

Samrøystes tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 12.10.2017

Tenesteutvalet for helse- og omsorg (THO) går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøl prinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.

Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går THO inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr (oversikt på behov vert lagt fram i møtet).

THO bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for dei gamle.

THO ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg. THO ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.

THO ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.

Administrasjonen si tilråding:

Tenesteutvalet for helse- og omsorg(THO) går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøl prinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.

Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går THO inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr(oversikt på behov vert lagt fram i møtet).



VOLDA KOMMUNE

THO bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for dei gamle.

THO ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg. THO ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.

THO ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.

PS 9/17 Orienteringssaker

Handsaming:

Roald Espset, FRP, orienterte om eit brev frå pårørande til bebuar på omsorgssenteret, som er sendt ut til partia.

Konstituert helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten svara og orienterte i den aktuelle saka.

Svein Berg-Rusten orienterte vidare i sak OS 6/17.

Etter denne orienteringa meinte Espset at orientering og opplysningar her gjorde at det likevel ikkje er aktuelt å ta vidare brev frå pårørande til handsaming i TOK.

OS 6/17 Utfordringsnotat knytt til strategiske val i helse og omsorgssektoren.

Handsaming:

Orientering teken til vitende.

Møtet slutt kl. 16.15

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
13. oktober 2017

Bente Kristin Krøvel
møtesekretær